

Til aksjonærane i selskapet

Vår dato: 19.05.2017

Vår ref.:

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Innkalling til generalforsamling 2017

Etter vedtak i styret blir det kalla inn til generalforsamling i selskapet:

Dato: 20. juni 2017 (torsdag)

Kl.slett: 11.00-16.00 (Vi startar med lett servering i foajeen)

Stad: Vinjehuset, Åmot - Vinje kommune. Vinjevegen 192. Kartskisse er lagt ved.

Sakliste

1. Godkjenning av fullmakter og innkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av 2 aksjonærer til å underteikne møteprotokollen
4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap
5. Val av revisor og godkjenning av godtgjering
6. Godtgjering til styret
7. Kostnadsdeling for 2018
8. Prosedyre for nominering av valkomité

Etter den formelle delen er det lagt opp til drøfting av strategi og arbeid framover. Det er derfor sett av ekstra tid til dette, inntil kl.16.00. Generalforsamlinga er dagen etter at NTP 2018-29 er drøfta i plenum i Stortinget.

Vel møtt!

Med vennleg helsing
E134 Haukelivegen AS
for Roald Aga Haug, styreleiar


Børge Skårdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Saksdokument til sakene 4-8
Gjeldande vedtekter

Kopi av sendinga til styremedlemer, varamedlemer, valkomité, revisor og ordførarar/fylkesordførarar

Postadresse:

Postboks 134
3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Generalforsamlinga i E134 Haukelivegen AS 20.06.2016

Til sak 4. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap

Årsmelding og rekneskap er lagt ved saksdokumenta slik dei blei vedtatt av styret i møte 21. april 2017.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga 2017 godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2016, under dette disponering av overskot.

Til sak 5. Val av revisor og godkjenning av godtgjering.

Styret innstiller på attval av revisor og godkjenning av godtgjering i 2016.

Framlegg til vedtak:

- a) Generalforsamlinga vél Odda Revisjon AS v/ Eirik Lothe som selskapet sin revisor.
- b) Generalforsamlinga godkjenner honoraret til revisor for 2016 med kr. 11.494.

Til sak 6 - godtgjering til styret, innstiller styret på følgjande:

Nåverande satsar blir ståande uendra, dvs.:

Styreleiar pr. år: 15.000 kr

Styremedlem pr. år: 6.250 kr

Varamedlem pr møte: 1.000 kr

Tapt arb.forteneste: Inntil 250 kr/t og inntil 6 timar (maks. godtgjering 1.500 kr/dag).

Reiseutgifter: Statens satsar (når ikkje abeidsgjevar/oppdragsgjevar betalar).

Til sak 7 - kostnadsdeling for 2018, innstiller styret på følgjande:


Satsar og fordeling for 2018 blir justert i tråd med folketalsutviklinga i kvar kommune og med ein 5% auke for delvis å kompensere for prisstigning sidan sist endring.

Forslaget til satsar for 2018 blir då slik:

Postadresse:

Postboks 134

3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:


982 420 857

Navn	Nåv.sats	2018
Rogaland Fylkeskommune	65 000	68000
Hordaland fylkeskommune	65 000	68000
Telemark Fylkeskommune	65 000	68000
Buskerud Fylkeskommune	65 000	68000
Haugesund kommune	35 000	37000
Sauda kommune	20 000	21000
Karmøy kommune	35 000	37000
Tysvær kommune	25 000	26000
Vindafjord kommune	23 000	24000
Suldal kommune	19 000	20000
Odda kommune	22 000	23000
Stord kommune	30 000	32000
Jondal kommune	17 000	18000
Bømlo kommune	25 000	26500
Etne kommune	20 000	20500
Sveio kommune	21 000	22000
Kvinnherad kommune	26 000	28000
Ullensvang Herad	19 000	20000
Fusa kommune	19 000	20500
Kvam herad	23 000	24000
Vinje kommune	19 000	20000
Tokke kommune	18 000	19000
Seljord kommune	19 000	20000
Hjartdal kommune	18 000	18500
Bø kommune	21 000	22500
Kviteseid kommune	18 000	19000
Tinn kommune	21 000	22000
Nome kommune	21 000	22500
Kongsberg kommune	35 000	27000
Notodden kommune	26 000	27500
Drammen kommune	35 000	37000
Lier kommune	35 000	37000
Hurum kommune	23 000	25000
Røyken kommune	32 000	35000
Fyresdal kommune	17 000	18500
Bamble kommune	27 000	28500
Porsgrunn kommune	35 000	37000
Skien kommune	35 000	37000
Vest-Telemark Kraftlag	6 000	6300
Tide ASA	6 000	6300
Telemark Bilruter AS	6 000	6300
SD Cappelen ANS	6 000	6300
Fatland Ølen AS	6 000	6300
Notodden Utvikling AS	12 000	12500
Vest-Telemark Næringsbygg	12 000	12500
Midt-Telemark Næringsutvikling AS	12 000	12500
SUM	1 160 000	1 213 500

Tilsvarende for nye aksjonærer avhengig av type aksjonær.

Postadresse:

Postboks 134
3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Til sak 8 - prosedyre for nominering av valkomité.,

Generalforsamlinga 2016 valde følgjande valkomité:

Petter Steen jr, Haugesund. Leiar

Solveig Sundbø Abrahamsen, Seljord.

Kari Anne Sand, Kongsberg

Til generalforsamlinga 2017 er ingen på val og valkomitéen er ikkje blitt aktivisert.

Til generalforsamlinga i 2018 vil valkomitéen vere i funksjon på vanleg måte.


Det den aktuelle saka dreier seg om, er å etablere ein eksplisitt prosedyre også for val av valkomité. Styret foreslår for generalforsamlinga at styret innstiller på valkomité for neste generalforsamling.

Styret innstiller på at generalforsamlinga gjer følgjande vedtak:

Generalforsamlinga ber styret for framtida om å kome med innstilling/forslag på valkomité.

Første gong vil då vere til generalforsamlinga i 2018.


Vinjehuset. Vinjevegen 192.



Postadresse:

Postboks 134

3890 VINJE

 www.134.no

Telefon/fax:

Direkte: 97037989

Bank: DnB

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857

Årsmelding for 2016

Innleiing.

E134 Haukelivegen AS vart stifta 10. januar 2001 under namnet Haukelivegen AS og har vore i vanleg drift etterpå. Selskapet endra namn i 2013 til E134 Haukelivegen AS, samtidig som føremålet blei utvida til å omfatte RV23.

Føremålsparagrafen er etter siste endringar slik:

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap.

Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.

Arbeidet i 2016.

Det er halde 8 styremøte i E134 Haukelivegen AS i 2016, av desse er tre haldne som telefonmøter.

Det har vore stor aktivitet i 2016 både frå styret og frå dagleg leiar si side, med hovudfokus på oppfølging av anbefalingane i aust-vestutgreiinga og NTP 2018-29.

Møter.

Selskapet eller delar av styret har i løpet av året mellom anna hatt møter og kontakt med:

- Statens Vegvesen
- Samferdselsdepartementet
- Parti, fylkesgrupper og enkeltrepresentantar på Stortinget
- Kontakt med Transportkomitéen på deira befarung i Telemark og på E134 i september
- Ein del av aksjonærane i selskapet
- Samarbeidspartar

Selskapet har vore representert på ulike konferansar og møte, både som deltakar og med innleiingar. Så langt vi kan og det er relevant, prøver vi å vere tilstades og på den måten synleggjere våre interesser.

Anna.

Av formelle/praktiske saker styret og administrasjon har arbeidd med, er:

- Arbeidsplanar og budsjett
- Løpande økonomirapportering
- Avvikling av generalforsamling 08. april 2016
- Kapitalforvaltning og disponering av bankinnskott
- Kontakt med potensielt nye aksjonærar
- Ny avtale med dagleg leiar etter offentleg anbudsprosess

Styre og administrasjon.

Styresamansetjinga fram til generalforsamlinga 08. april var følgjande:

Styremedlemer

Petter Steen, Haugesund **styreleiar**
Laila Irene Johansen, Kongsberg **nestleiar**
Olav Kasland, ordførar Bø
Terje Riis-Johansen, Skien
John Opdal, Odda
Ellen Solheim, Rogaland fylkeskommune
Atle Kvåle, Hordaland fylkeskommune
Arne Haldorsen, Karmøy
Gry Anette Rekanes Amundsen, Nome
Helene Justad, Lier

Personlege varamedlemer

Aase Simonsen, Karmøy
Arvid Lyngås, Kongsberg
Björg Tveito Lundefaret, ordførar Nome
Lise Wiik, Notodden
Synnøve Solbakken, Kvinnherad
Magne Audun Kloster, Rogaland fylkeskommune
Svein K. Halleraker, Hordaland fylkeskommune
Inge Fatland, Vindafjord
Arne Vinje, Vinje
Tore Opdal Hansen, Ordførar Drammen

På generalforsamlinga i 2016 blei vedtektene endra slik at ein går vekk frå personlege vararepresentantar. Styresamansetjinga etter generalforsamlinga var følgjande:

Styret

Roald Aga Haug, ordførar i Odda, **Styreleiar**
Gry Anette Rekanes Amundsen, Nome **Nestleiar**
Laila Irene Johansen, Kongsberg,
Olav Kasland, ordførar i Bø
Atle Kvåle, Hordaland FK
May Britt Vihovde, varaordførar Haugesund
Arne Bergsvåg, Rogaland FK
Harald Grande, adm.dir Tizir AS
Eva Norén Eriksen, ordfører i Røyken.
Bjørn Sverre Sæberg Birkeland, ordførar Tinn

Varamedlemer:

1. Leif Malvin Knutsen, varaordførar Karmøy.
2. Hege Skogland Mogleiv, daglig leder Permanor AS
3. Halfdan Haugan, ordførar i Seljord
4. Sandra Bruflot, Buskerud fylkesting
5. Knut Duesund, leiar samf.utvalet Telemark FK
6. Bengt Halvard Odden, ordførar i Hjartdal
7. Ruth Grethe Ø. Eriksen, varaordførar i Sveio
8. Siri Klokkestuen, ordførar i Etne
9. Monica Vee Bratlie, ordfører i Hurum
10. Kåre Grønsnes, varaordførar i Ullensvang

Selskapet har ikkje tilsette i eigen regi, men kjøper administrative tenester. Det er derfor ikkje utbetalt løn til dagleg leiar. Dagleg leiar er Børge Skårdal. Styrehonorar er utbetalt i samsvar med generalforsamlingsvedtak.

Aksjonærforhold.

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 460.000, fordelt på 46 aksjonærer. Aksjekapitalen er fullt innbetalt. Kvam herad er ny aksjonær i 2016.

Aksjonærene pr. 31.12.2016 er:

Aksjonærliste E134 Haukelivegen AS. Org.nr.982 420 857					
Navn	Posnr	Poststad	Antal	Pål.	Beløp
Rogaland Fylkeskommune	4001	Stavanger	10	1000	10000
Haugesund kommune	5504	Haugesund	10	1000	10000
Sauda kommune	4201	Sauda	10	1000	10000
Karmøy kommune	4250	Kopervik	10	1000	10000
Tysvær kommune	5570	Aksdal	10	1000	10000
Vindafjord kommune	5580	Ølen	10	1000	10000
Suldal kommune	4230	Sand	10	1000	10000
Hordaland fylkeskommune	5020	Bergen	10	1000	10000
Odda kommune	5750	Odda	10	1000	10000
Stord kommune	5400	Stord	10	1000	10000
Jondal kommune	5627	Jondal	10	1000	10000
Bømlo kommune	5430	Bremnes	10	1000	10000
Etne kommune	5591	Etne	10	1000	10000
Sveio kommune	5559	Sveio	10	1000	10000
Fusa kommune	5649	Eikelandsosen	10	1000	10000
Ullensvang Herad	5780	Kinsarvik	10	1000	10000
Kvinnherad kommune	5470	Rosendal	10	1000	10000
Telemark Fylkeskommune	3706	Skien	10	1000	10000
Vinje kommune	3890	Vinje	10	1000	10000
Tokke kommune	3880	Dalen	10	1000	10000
Seljord kommune	3840	Seljord	10	1000	10000
Hjartdal kommune	3692	Sauland	10	1000	10000
Bø kommune	3833	Bø	10	1000	10000
Kviteseid kommune	3850	Kviteseid	10	1000	10000
Notodden kommune	3672	Notodden	10	1000	10000
Nome kommune	3830	Ulefoss	10	1000	10000
Tinn kommune	3660	Rjukan	10	1000	10000
Buskerud fylkeskommune	3007	Drammen	10	1000	10000
Kongsberg kommune	3601	Kongsberg	10	1000	10000
Drammen kommune	3008	Drammen	10	1000	10000
Lier kommune	3401	Lier	10	1000	10000
Hurum kommune	3475	Sætre	10	1000	10000
Røyken kommune	3440	Røyken	10	1000	10000
Fyresdal kommune	3870	Fyresdal	10	1000	10000
Bamble kommune	3993	Langesund	10	1000	10000
Porsgrunn kommune	3700	Skien	10	1000	10000
Skien kommune	3900	Porsgrunn	10	1000	10000
Kvam herad	5600	Norheimsund	10	1000	10000
Vest-Telemark Kraftlag AS	3889	Høydalsmo	10	1000	10000
Tide ASA	5893	Bergen	10	1000	10000
Notodden Utvikling AS	3674	Notodden	10	1000	10000
Telemark Bilruter AS	3840	Seljord	10	1000	10000
SD Cappelen ANS	3830	Ulefoss	10	1000	10000
Midt-Telemark Næringsutvikling AS	3880	Bø	10	1000	10000
Fatland Ølen AS	5588	Ølen	10	1000	10000
Vest-Telemark Næringsbygg AS	3850	Kviteseid	10	1000	10000
		Totalt	460	1000	460000

Omtale av sentrale prosjekt og prosessar.

Aust/vest-utgreiinga.

Statens vegvesen anbefalte i aust-vestutgreiinga å satse på to aust-vestkorridorar i Sør-Norge. Dette er E134 m/ arm til Bergen og RV52 (Hemsedal) m/ forlenging mot Sogn og Møre via RV5.

For E134 foreslår dei gjennomført ein KVVU for framtidig trasé gjennom Telemark, men har rekna ut at ei omlegging/innkorting Gvammen-Grungebru vil gje ei samfunnsøkonomisk netto nytte på om lag 12 mrd.

For arm til Bergen blir det også foreslått ein KVVU for avklaring av trasé. Netto samfunnsnytte for denne armen er berekna til 14 mrd.

Regjeringa sin konklusjon på aust-vestutgreiinga blei val av E134 som den eine hovudvegen aust-vest. I tillegg blei KVVU og seinare KS1 for strekninga Vågsli-Gvammen gjennomført slik Statens vegvesen hadde anbefalt. Etter KVVU/KS1-prosessen ligg konklusjonen om å legge E134 på denne strekningen i ny trasé fast.

For å avklare nordleg hovudveg aust-vest blei det bestilt ei tilleggsanalyse, ein KVVU for Gol-Voss. Etter gjennomføring av denne blei anbefalinga av RV52 oppretthalden. KS1-rapporten konkluderer med at ein først bør gjennomføre KVVU for arm til Bergen frå E134.

Regjeringa har i saka konkludert med at det bør vere ei «funksjonsdeling» for dei tre fjellovergangane på nordsida - RV7, RV52 og E16, der RV7 skal vere hovudveg for persontrafikken. KVVU for arm til Bergen blir ikkje bestilt. Avgjerda inneber at ein legg til side den faglege tilrådinga frå KVVU Gol-Voss.

Reelt betyr avgjerda at ein i denne omgang legg til side det nasjonale potensialet som låg i aust-vestutgreiinga og i staden har vektlagt lokale interesser.

Nasjonal transportplan 2018-29.

Plangrunnlaget for NTP 2018-29 blei lagt fram i februar 2016. Etterpå har det vore formell høyringsrunde på plangrunnlaget. Samferdselsdepartementet/Regjeringa la fram Stortingsmeldinga 5. april 2017.

Det er ikkje sett av pengar til nye prosjekt på E134 i første seksårsperiode. For RV23 er det sett av oppstartmidlar for bygging av tunnellopp nummer to under Oslofjorden.

For fjellovergangen Seljestad-Røldal-Vågsli, er status følgjande:

Seljestad-Røldal er fullfinansiert i siste seksårsperiode med 2,9 mrd. Av dette er 0,5 mrd bompengefinansiering. Både statleg del og bompengedelen er redusert i forhold til plangrunnlaget.

Røldal-Vågsli har fått ein liten oppstartbevilgning på 0,3 mrd av ein total kost på 4 mrd. Mest realistisk byggestart er 2029.

For andre prosjekt på E134 er status følgjande:

Husøy hamn (Karmøy). Prosjektet er fullfinansiert, men tidlegaste byggestart er 2024.

Saggrenda-Elgsjø. Prioritert 0,4 mrd av 2 mrd i total kostnad. Realistisk byggestart 2028.

Strømsåstunnelen. Utviding med løp nummer to. Prioritert 0,4 mrd av total kostnad 1,6 mrd. Realistisk byggestart 2028.

Aksdal/Våg. Dette er fellesstrekning med E39. Prioritert 0,5 mrd av total kost 1,4 mrd. Realistisk byggestart 2028.

Byggeaktivitet.

Omfanget av igangverande byggeprosjekt eller prosjekt med nær foreståande oppstart på E134 er nå betydeleg, men konsentrert til austsida av fjellet. **Århus-Gvammen** er godt i gang, med planlagt opning i 2019. Prosjektet **Damåsen-Saggrenda** gjennom Kongsberg er også i full drift med ferdigstilling i 2019. Det same gjeld småprosjekta på strekninga Åmot-Seljord, der prosjektet nærast Åmot skal gjerast ferdig i 2017 og prosjekt to, **Morgedal-Mostøyl**, blir starta opp våren 2017. Det økonomiske omfanget på igangverande prosjekt på E134 er om lag 6,5 mrd.

RV36.

To strekningar på RV36 er nå under bygging til ein samla kostnad av om lag 1 mrd.

- Skjelbredstrand-Skyggestein i Skien er ein del av Bypakke Grenland. Byggestart var hausten 2016 og åpning hausten 2018. Lengde 3,5 km.

- Slåttekås-Årnes hadde byggestart hausten 2016 og ferdigstilling hausten 2018. Lenge om lag 7 km.

RV23.

Bygging av ny veg på strekninga Dagslett-Linnes er starta opp. Ferdigstilling er venta i 2021.

Planaktivitet.

Haukelifjell.

Planar for Haukelifjell er det blitt arbeidd med i 11 år – av dette med reguleringsplan i snart 6. Tidleg på året kom det ei formell avklaring på standardvalet frå Departementet. Dette har gitt Vegvesenet grunnlag for å intensivere arbeidet. Standardvalet har m.a. avklart dimensjonering av veg, tunnelar og kryss, med dimensjonerande hastighet 90 km/t. Det er også avklart at vidare planlegging skal legge til grunn 3 tunnelar og 2 dagstrekningar for strekninga Røldal-Vågsli.

Det er venta ferdigstilling av planforslag (reguleringsplanar) innan sommaren 2017. Deretter skal planane handsamast politisk i Odda og Vinje kommunar.

Bakka-Solheim.

Kommunedelplan for strekninga Bakka-Solheim i Etne og Vindafjord kommunar er godkjend av begge kommunar. Når igangverande byggeprosjekt er fullførde, er denne strekningen utan tvil den med lågast standard på E134. Det er ikkje sett av eigne midlar til strekninga i NTP 2018-29.

Gvammen-Saggrenda.

For strekninga Gvammen-Saggrenda er det gjennomført KVU og KS1 for noen år sidan. Vidare planlegging bør sjåast i samanheng med KVU/KS1 for Gvammen-Vågsli. Prosessen vidare er avhengig om strekninga blir prioritert i NTP.

RV36.

- Det er nå planlagt to korte strekningar langs Seljordvatnet på RV36 som skal fullfinansierast med bompengar. Reguleringsplan er ferdig og det blir arbeidd med bompengeforslag.
- Saman med Telemark FK har det vore kontakt med Vegvesenet om å få ny analyse som kan gje ei oversikt over utfordringar og muligheter for standardheving knytt til RV36. Det er gitt prinsipiell tilslutning til dette og det er avtalt at arbeidet skal starte hausten 2017.

RV23.

- For strekninga Linnes-E18 har Vegvesenet i 2016 forlatt forslaget om ein såkalla Lierdiagonal bak Drammen og til Hokksund og starta ein ny prosess basert på å bygge ny veg fram til E18 og etablere kryss der.
- Reguleringsplan for nytt løp i Oslofjord-tunnelen er vedtatt i begge kommunar (Hurum og Frogn). Parallelt er det laga ein KVU for kryssing av Oslofjorden. KVU-en inneheld inga endeleg avklaring, men argumenterer for å velje ei bruløysing. Samtidig krev tunneldirektivet at det blir gjort tiltak i overskuleleg framtid. Det er pr. dato ikkje noko formell avklaring av saka, men i stortingsmeldinga om NTP 2018-29 er det bare tatt høgde for bygging av tunneløp nr 2, med oppstart seinast 2023. Viss den endelege konklusjonen blir bruløysing, må prosjektet utsetjast.

Forlenging av E134 til E6 i Akershus.

Status på dette initiativet er at Vegdirektoratet arbeider med omklassifisering av RV23 til å bli Europaveg. FNs økonomiske kommisjon for Europa har vedtatt endringsforslaget, som nå er på høyring. Det blir venta at endringa kan tre i kraft hausten 2017.

RV13 Oddadalen. Arm til Bergen.

Det ligg føre godkjend kommunedelplan for RV13-Oddadalen. Ein del av den godkjende planen medfører også ei mindre omlegging av E134 med litt innkorting og reduksjon av høgdemeter.

Dette prosjektet er svært viktig for å koble på denne delen av Hordaland betre. Strekninga er rasutsett, svært smal og gir utfordringar vinterstid.


Oddadalen er første etappe, sett frå E134, i Vegvesenet sitt forslag om å bygge ut fergefri arm til Bergen. Dette vil vere den løysinga som gir kortast veg Oslo-Bergen og dermed også kortast samband til Bergen frå Agder, Telemark, Buskerud og Vestfold.


Andre forhold.


- Selskapet sitt årsresultat er eit overskot på kr. 3.446 som ein foreslår brukt til styrking av eigenkapitalen.
- Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, og rekneskapen for 2016 er gjort opp under denne føresetnaden. E134 Haukelivegen AS er innvilga skattefritak.
- Midlar som selskapet ikkje treng til dagleg drift er plassert på kapitalkonti på best mulige vilkår. Det er for tida svært låge renter.
- Selskapet har ingen aktivitet som ureinar det ytre miljøet.
- I 2016 er det utgiftsført kr. 11.494 til revisor for revisjon. Selskapet sin revisor er Odda revisjon AS v/ Eirik Lothe, revisornummer 997 726 316.


Styret kjenner elles ikkje til forhold av betydning for vurderinga av selskapet si stilling og resultat, og som ikkje kjem fram av rekneskapen. Grunnlaget for framhald av drifta er etter styret sitt syn til stades. Det har etter utløpet av rekneskapsåret ikkje oppstade forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av årsrekneskapen.


Gardermoen, 21. april 2017,


Roald Aga Haug
Styreleiar



Laila Irene Johansen
Styremedlem



May Britt Vihovde
Styremedlem


Gry Anette Rekanes Amundsen
Nestleiar



Olav Kasland
Styremedlem


Atle Kvåle
Styremedlem


Arne Bergsvåg
Styremedlem


Harald Grande
Styremedlem


Eva Norén Eriksen
Styremedlem


Bjørn Sverre Sæberg Birkeland
Styremedlem


Børge Skårdal
Dagleg leiar

Resultatregnskap 01.01.-31.12.2016

E134 Haukelivegen AS

	Note	2016	2015
Salgsinntekter	1	1.160.000	1.137.000
Tilskudd	4	1.177.818	131.000
Sum driftsinntekter		2.337.818	1.268.000
Lønnskostnad	3	90.499	82.121
Annen driftskostnad	3	2.272.756	1.202.386
Sum driftskostnad		2.363.255	1.284.507
Driftsresultat		-25.436	-16.507
Annen renteinntekt		28.882	72.678
Sum finansinntekter		28.882	72.678
Sum netto finansposter		28.882	72.678
Ordinært resultat før skattekostnad		3.446	56.171
Ordinært resultat		3.446	56.171
Årsoverskudd		3.446	56.171
Overført annen egenkapital		3.446	56.171
Sum disponert		3.446	56.171

Balanse 31.12.

E134 Haukelivegen AS


	Note	2016	2015
Eiendeler			
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		450.000	0
Andre fordringer		255.318	4.064
Sum fordringer		705.318	4.064
Investeringer			
Bankinnskudd,kontanter o.l.	2	3.675.258	4.189.685
Sum omløpsmidler		4.380.576	4.193.749
Sum eiendeler		4.380.576	4.193.749

**Balanse 31.12.****E134 Haukelivegen AS**

	Note	2016	2015
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	1	460.000	450.000
Sum innskutt egenkapital		460.000	450.000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		2.110.982	2.107.536
Sum opptjent egenkapital		2.110.982	2.107.536
Sum egenkapital		2.570.982	2.557.536
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		240.828	0
Skyldige offentlige avgifter		41.624	56.253
Annen kortsiktig gjeld	4	1.527.142	1.579.960
Sum kortsiktig gjeld		1.809.594	1.636.213
Sum gjeld		1.809.594	1.636.213
Sum egenkapital og gjeld		4.380.576	4.193.749

Vinje, 21.04.2017


Styret og daglig leder for E134 Haukelivegen AS




Roald Aga Haug
Styreleder




Gry Anette Rekanes Amundsen
Nestleder



Arne Bergsvåg
Styremedlem



Olav Kasland
Styremedlem



Laila Irene Johansen
Styremedlem




May Britt Vihovde
Styremedlem




Harald Grande
Styremedlem



Atle Kvåle
Styremedlem



Eva Elisabeth Norén Eriksen
Styremedlem



Bjørn Sverre Sæberg Birkeland
Styremedlem



Børge Skårdal
Daglig leder

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016.

Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendingar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Følgjande rekneskapsprinsipp er nytta:

Driftsinntekter og driftskostnader

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast etter kvart som de blir levert. Kjøp av varer og tenester blir kostnadsført det året dei blir forbrukt.

Omløpsmidlar/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt poster som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, samt postar som knyter seg til varekretsløpet. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og pårekna verkeleg verdi.

Anleggsmidlar/Langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfattar eignelutar meint til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar balanseførast og avskrivast over den økonomiske levetida til driftsmiddelet. Varige driftsmidlar blir skriven ned til verkeleg verdi ved verdifall som vert pårekna ikkje å være forbigåande. Nedskrivinga reverserast når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stade.

Valuta

Pengepostar i valuta vurderast etter kursen ved slutten av rekneskapsåret.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og netto salsverdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetnad til pårekna tap. Avsetnad til tap blir gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei einskilde fordringane.

Skatt

Selskapet er ikkje skattepliktig for si verksemd då det ikkje har som føremål å drive med overskot. Selskapet er eigd med 82,2% av kommunar og fylkeskommunar og utfører betalte oppgåver på vegne av kommunar og fylkeskommunar for å betre kommunikasjon og vegar knytt til E-134.

Obligatorisk tenestepensjonsforsikring.

Selskapet er ikkje underlagt lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring, og slik forsikring er ikkje teikna.

Endring av rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vært noen endring i rekneskapsprinsipp.

NOTE 1: ANTAL AKSJER, AKSJEEIGARAR MV.

Aksjekapitalen i E134 Haukelivegen AS er samansett av 460 aksjar pålydande kvar kr 1.000, tilsaman kr 460.000. Selskapet har 46 aksjonær. Av desse er 38 eller 82,6% kommunar eller fylkeskommunar og 8 eller 17,4% private foretak. Aksjekapitalen i selskapet vart i 2016 auka frå kr 450.000 til kr 460.000 ved ei retta emisjon mot Kvam Herad. Kapitalauken vart gjennomført ved styrefullmakt og registrert i Foretaksregisteret 06.04.16.

Aksjonærene i Haukelivegen AS var pr 31.12.16:

Navn	Antal	Pålydande	Beløp	Inntekt fra i 2015	Inntekt fra i 2016
Rogaland Fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Haugesund kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Sauda kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Karmøy kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Tysvær kommune	10	1.000	10.000	25.000	25.000
Vindafjord kommune	10	1.000	10.000	23.000	23.000
Suldal kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Hordaland fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Odda kommune	10	1.000	10.000	22.000	22.000
Stord kommune	10	1.000	10.000	30.000	30.000
Jondal kommune	10	1.000	10.000	17.000	17.000
Bømlo kommune	10	1.000	10.000	25.000	25.000
Etne kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Sveio kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Kvinnherad kommune	10	1.000	10.000	26.000	26.000
Ullensvang herad	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Fusa kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Telemark fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Vinje kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Tokke kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Seljord kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Hjartdal kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Bø kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Kviteseid kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Tinn kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Notodden kommune	10	1.000	10.000	26.000	26.000
Kongsberg kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Fatland Ølen AS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Tide ASA	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Telemark Bilruter AS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
SD Cappelen ANS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Notodden Utvikling AS	10	1.000	10.000	12.000	12.000
Midt- Telemark Næringsutvikling AS	10	1.000	10.000	12.000	12.000
Vest-Telemark Kraftlag AS	10	1.000	10.000	6.000	6.000
Nome kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Vest-Telemark Næringsbygg AS	10	1.000	10.000	12.000	12.000
Hurum kommune	10	1.000	10.000	23.000	23.000
Røyken kommune	10	1.000	10.000	32.000	32.000
Drammen kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Lier kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Buskerud fylkeskommune	10	1.000	10.000	65.000	65.000
Fyresdal kommune	10	1.000	10.000	17.000	17.000
Bamble kommune	10	1.000	10.000	27.000	27.000
Porsgrunn kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Skien kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Kvam Herad	10	1.000	10.000		23.000
Totalt	460		460'	1.137.000	1.160.000

NOTE 2: BANKINNSKOT.

Herav bundne skattetrekksmidler kr. 34.753.

NOTE 3: LØN OG ANNA GODTGJERSLE

Løn mv er samansett av::

	2015	2016
Løn (styrehonorar)	74.250	79.000
Arbeidsjevaravgift	7.871	8.374
Refusjon løn til firma		3.125
Sum	82.121	90.499

All godtgjersle gjelder honorar utbetalt til styret.

Honorar til revisor er kostnadsført i rekneskapen med kr 11.494 eks mva.

Selskapet har ikkje tilsette. Det kjøper sekretærtjenester og administrasjonstjenester eksternt frå selskapet Kons AS som er eigd av dagleg leiar Børge Skårdal. Kostnader til dette i rekneskapen 2016 er kr 826.000 og for 2015 er kr 750.000 eks mva kostnadsført i rekneskapen.

NOTE 4: ANNA KORTSIKTIG GJELD OG MOTTEKE TILSKOTT

Selskapet har fleire år motteke tilskott for å dekkja kostnader knytt til prosjekt på E134. Alle prosjekta er inntektsført kvart år i takt med at kostnadene til prosjekta er pådratt.

Ubrukte prosjektmidler er overført og samla i eit prosjekt som er merka «Planmidlar E134»

	31.12.2015	31.12.2016
Ubrukte planmidlar E134	1.569.960	1.442.142

I tillegg er under Anna kortsiktig gjeld medteke er påløpte kostnader pr 31.12.16 kr 85.000.

Selskapet har i tillegg til det som er nemd ovafor motteke tilsaman kr 1.050.000 i driftstilskott fra 3 kommunar.

Til generalforsamlingen i

E 134 Haukelivegen AS AS
(org nr 982 420 857 mva)

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet for 2016

Konklusjon

Vi har revidert E 134 Haukelivegen AS sitt årsregnskap som viser et overskudd på kr 3.446. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av [informasjon i x rapporten], men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som

den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Odda, 18. mai 2017

ODDA REVISJON AS



Eirik Lothe
Statsautorisert revisor

Vedtekter for E134 Haukelivegen AS

§ 1. Namn.

Selskapet sitt namn er E134 Haukelivegen AS.

§ 2. Forretningskontor.

Selskapet sitt forretningskontor er i Vinje kommune.

§ 3. Føremål.

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingselskap.

Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.

§ 4. Aksjekapital.

Selskapet skal ha ein aksjekapital på 460.000 kr fordelt på 460 aksjar á 1000 kr. Alle aksjar har lik vekt på generalforsamlinga.

§ 5. Overdraging av aksjar.

Overdraging av aksjar skal godkjennast av styret. Andre aksjonærar har forkjøpsrett til pålydande verdi.

§ 6. Styret.

Styret i selskapet skal vere på 10 medlemmer. Den eine styreplassen blir øyremerka ein representant for næringslivet. Styremedlemer blir valde for 2 år om gongen. I tillegg skal det velgast personlege vararepresentantar. Desse fylgjer valperioden til dei faste representantane.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

For at eit styrevedtak skal vere gyldig, må minst 5 styremedlemer vere til stades, deriblant leiar eller nestleiar. Ved likt stemmetal har leiaren av styret dobbeltstemme.

Styret er ansvarleg for oppfølging av dei mål som er sett for selskapet, og for å gjennomføre vedtak gjort i generalforsamlinga.

Sentrale oppgåver er:

- Vedta budsjett, avgje årsmelding og tilrå årsoppgjer
- Tilsette dagleg leiar og fastsetje løn for denne
- Utarbeide planar for utvikling og drift av selskapet, og vurdere korleis selskapet sine oppgåver til ei kvar tid kan løysast på beste måte.

Det skal først protokoll frå styremøta. Styremedlem og dagleg leiar har rett til protokollmerknader.

§ 7. Generalforsamlinga.

Ordinær generalforsamling skal heldast kvart år innan utgangen av juni månad. Generalforsamlinga blir innkalla av styret med minst ein månad skriftleg varsel til aksjonærane i selskapet. Generalforsamlinga vel sjølv dirigent for møtet.

Ekstraordinær generalforsamling kan krevjast halde av eit fleirtal av styret eller av aksjonærar som representerer minst 1/3 av aksjekapitalen. Innkalling skal skje etter dei same fristar som for ordinær generalforsamling.

På ordinær generalforsamling blir avgjort:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse for selskapet.
2. Bruk av overskot eller dekking av underskot.
3. Val av styremedlemer og valkomité. Val av revisor.
4. Fastsetjing av godtgjersle til styret og revisor.
5. Andre saker som i medhald av lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

På generalforsamlinga i selskapet har kvar aksje ei røyst. Aksjonærane kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

Det skal førast protokoll for generalforsamlinga. Protokollen skal underskrivast av to representantar for aksjonærane, valde av generalforsamlinga.

§ 8. Dagleg leiar.

Dagleg leiar skal ha det overordna ansvaret for drift av selskapet i samsvar med styret sine vedtak.

Dagleg leiar er sekretær for styret, og set i samråd med styreleiar opp sakliste og gjer saksutgreiingar og framlegg til vedtak i dei saker som blir lagt fram for styret.

§ 9. Prokura m.m.

Styreleiar og dagleg leiar bind selskapet i fellesskap med sine underskrifter. Styret kan gje prokura.

§ 10. Vedtektsendringar.

Vedtektsendringar kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtekter skal stå på sakskartet og fylgje innkalling til årsmøtet.

§ 11. Oppløysing.

Vedtak om oppløysing av selskapet kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Overskot etter avviklinga skal betalast til eigarane i same forhold som dei har aksjar.

Vedteke 10. januar 2001 med endringar seinast 15.02.2016.